



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
klepp.sokneraad@klepp-kirken.no
www.kleppkyrkje.no
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551

Møtebok.

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 25.02.2015

Frå saksnummer: 10/15 Til saksnummer: 20/15	Møtestad: Menighetssalen, Klepp kyrkje
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Svein Olav Nesse (nestleiar) Ivar Slettebø Andreas Haarr (sokneprest) Else Fredheim Hodne Arvid Hareland Edel Østrem Jan Arild Anda
Vara medlemmer:	Pauline Braut (1.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær
Diverse merknader	Ikkje til stades: Inger Vassel Myrstad

Sak 10/15 Godkjenning av saksliste og innkalling

Vedtak:

Saksliste og innkalling vert godkjent.

Sak 11/15 Godkjenning av møtebok frå møte den 21.01.2015

Vedtak:

Møteboka av 21.01.15 vert godkjent med kommentar: Jan Arild Anda var til stades på dette møtet.

Sak 12/15 Budsjet 2015

Vedtak:

Budsjett for 2015 vedtatt med ramme på kr 2.907.150,-

- a) Stillinga som eittåring/ ungdomsarbeider i 20% stilling opphører frå 01.08.2015.*
- b) Midlar til dagleg leiar vert sett på ubunde lønsfond inntil vidare.*
- c) Støtte til tur for ungdommar må søkjast om i god tid før tur og med vedlagt budsjett for turen. Dette må gjerast i samband med budsjettbehandling i SR.*

Sak 13/15 Årsmelding

Årsmelding for 2014 vart gjennomgått. Årsmeldinga vart godkjent med nokre kommentarar frå SR.

Sak 14/15 Evaluering Helaften

*Det var ein flott kveld med gode opplevingar. Lars Tjelle og Magnus Bjørkavoll-Bergseth gjorde ein framifrå jobb med leiinga av kvelden og med god underhaldning. Kvelden gjekk med eit overskot på om lag 18.000,-
Planlegging for neste års Helaften er allereie i gang.*

Sak 15/15 Orienteringssaker

- a) Kyrkjeval 2015 – vi har fått nokre kandidatar som har sagt ja til å stilla til val til neste sokneråd. Det vert arbeidd vidare med å få fleire.*
- b) Årsfest- Sekretær sender ut eige notat med arbeidsfordeling*

Sak 16/15 Nestleiar frå 10.mars 2015

Vedtak:

Svein Olav Nesse tek over som nestleiar frå 10.03.2015-30.06.2015

Sak 17/15 Søknad om julekonsert frå Klepp Damekor

Vedtak:

Soknerådet innvilgjer søknaden frå Klepp Damekor om julekonsert i Klepp kyrkje 06.12.2015

Sak 18/15 Gudsteneste Jærhagen

Jærhagen ved Senterleder, Siri Olsen, har kome med spørsmål om å gjennomføra gudsteneste på Jærhagen 6.september 2015 i samband med Klepp24.

Vedtak:

SR takkar ja til å ha gudsteneste på Jærhagen 06.09.2015

Sak 19/15 Møte ang ny kyrkje – mekling hjå fylkesmannen

Det har vore meklingsmøte ang ny kyrkje mellom Klepp kommune og riksantikvaren om plassering av ny kyrkje. Der vart det undertekna ein protokoll av deltakarane med følgjande konklusjon:

- Reguleringsplan for gravplass vert vedteken utan kyrkjetomt og parkeringsplass.
- Plassering og utforming av ny kyrkje vil skje ved ein ny reguleringsplanprosess. Det vil bli gjennomført arkitektkonkurransse i to fasar, første fase går på plassering, andre fase vil bli ei detaljforming av kyrkja basert på konklusjonen av første fase.

Vedtak:

I samband med vidare planarbeid vert følgande mandat gitt Stiftinga Klepp nye kyrkje:

- a) Representera Klepp sokn i planarbeid til ny kyrkje*
- b) Stiftinga rapporterer til soknerådet*
- c) Soknerådet ber Fellesrådet om å formalisera Stiftinga si rolle i forhold til ny kyrkje*

Sak 20/15 Ymse

- a) Minner om dugnad 9.mars

Ref. Ingunn D Aandal
Sekretær